



I superfinalen galt det å treffa eplet på hovudet til ordføraren.

Wilhelm Tell er fødd på ny.

Bjarte Døssland er ein dyktig kar, - ein humoristisk uskedeling som kan kunsten å føre åskodarane gjennom konkurransar som Festidalentaren med engasjement og små- og storvittige replikkar, slik at underhaldninga, spenninga og gleden vert stor for alle.



Frå symjeøvinga.

Mange hundre menneske, store, større og små, hadde møtt fram i båthamna laurdag for å sjå 6 par konkurrera mot kvarandre i 5 ulike fysiske utskeingar. Eitt av desse para skulle vinne tevlinga, men eg vart så imponert av den måten alle para løyste dei krevjande oppgåvene på, at eg startar med å nemne dei alle. Par nr. 1 var tusenkunstnar Magne Heien og sonen Johannes. Par 2 var ikkje ukjende skiskyttar Martin Femsteinevik med vetlebroren Otto på 14-15. Start nr. 3 var uskedalsjenta Elisabeth Sæle med partnar Lars Håkon Ramstad. I det 4. paret hadde omvikedalsguten Johannes Hjelmeland sikra seg ski- og springetalentet Kari Bråthun som kompanjong. Det 5. paret var eit mor-son-par, Ingrid Guddal og Jarand Naterstad. Og sist, men par 6, søskenparet Sara og Johannes Guddal.

Første øving gjekk ut på at ein frå kvart par skulle henta vatn i sjøden i ei lita leikebøtte, springe for livet med vatnet gjennom ei hinderløype oppe på land, og tømme det som var att i ei bøtte som skulle fyllast til eit merke 3/4 oppe. Dei sprang annankvar gong til merket var nådd. Etter ei strevsam økt, der unge Johannes Heien var mest uheldig og reiv ned ei halvfull bøtte, vart ein rekkjefølgje opplesen, med brørne Femsteinevik som vinnarar.



Magne Heien og Elisabeth Sæle i bogeskytingsøvinga.

Andre øving var bogeskyting på blink. Kvar utøvar fekk 3 pilar, og her var mykje god skyting. Både Femsteinevik-brørne og far og son Heien fekk 49 av 60 poeng.

Øving nr. 3 var våt. Deltakarane skulle annankvar gong stupe ut i havet, hente ein bokstav frå ein båt, symje inn med bokstaven og veksle, - 4 gongar kvar. Også her var Femsteinevik-brørne best.



Støvelkasting.

I den fjerde øvinga skulle parkameratane etter tur hive ein støvel framover. Det såg vanskeleg ut, og det var det visst og, for støvlane for i hytt og ver. Men etter ei stund var det Kari Bråthun og Johannes Hjelmeland som vann denne øvinga.

Kari og Johannes vann den siste tevlinga og, ei svært krevjande utskeling, der den eine skulle køyre trillebår med den andre fylt opp med ved på ryggen, - som dei så skulle frakte 20 meter framover for å byggje ein varde. Dei hadde 10 minutt på seg. Og fleire av ved-wardane vart riktig imponerande, spesielt Kari & Johannes sin.



Trillebårkøyring med vedskier på ryggen

Så var det klart for superfinale, - mellom dei 2 beste para. Femsteinevik-brørne var sjølvskrevne, og Kari og Johannes hadde kome så sterkt på slutten at dei berga andrelassen.

Før superfinalen sette arrangørane fram eit stort fotografi av ordføraren, og dei sette eit eple på hovudet hans. Dette eplet skulle skytast ned av hovudet hans i beste Wilhelm Tell-stil. Kvar deltakar fekk ei pil. Sjo Slettebø hadde fått tilbod om å stille personleg, men det hadde han ikkje mot til og sende eit fotografi. Det kan han vere glad for, for Kari Bråthun starta med å skyte feil eple og treffe adamseplet hans.

På det siste bogeskotet fekk heile konkurransen ein vinnar. Ein svært verdig vinnar. For Martin Femsteinevik viste at han ikkje berre kan skyte med gevær. Pila hans treffe midt i eplet på hovudet til ordføraren og jubelen tok ingen ende.

Summa summarum: Ei praktfull tevling, med mange gode prestasjonar og eit engasjert, verdig publikum.



Martin traff eplet og sikra sigeren til Femsteinvik-brørne.

Tekst og foto: Vidar Haugland
Nett: Thor Inge Døsland